## Fullendte verk både lågt og høgt

19.05.2012



**Det er ingen som bør hevda at det ikkje skjer noko i bygda vår med omsyn til både større og mindre byggverk. Ofte fortener dei små like stor merksemd som dei store og her er eit døme på begge.**

Den 110 meter lange muren langs KV-bygget er nærmast ferdig etter eit år og alle er nok einige om at den er riktig elegant trass i den massive steinen. Muren er verkeleg noko å vera stolt av - eit sentralt monument i bygda. Og mest heider fortener 'murmeister Haugland'!

Men også til fjells skjer det noko positivt med omsyn til byggverk. Brua over Tverrelva der ho renn ut av Mannsvatnet er no fullført av skigruppa på dugnad og dei 3 fornøgde karane på biletet er Kurt Haugland, Tor Vidar Sæle og Pål Haugland. Brua er enkel, men solid slik ho skal vera for å fylla sin funksjon.

Fotp: Ola Matti Mathisen og Jostein Saghaug

